

Leder Finanstilsyn

Ikke lenger så suverene

Neste uke kommer Stortinget til å vedta loven som knytter Norge til EØS-finanstilsynet.

Siden dette regnes som suverenitetsavståelse, krever Grunnloven tre fjerdedels flertall i Stortinget, noe forslaget sannsynligvis vil få.

EØS-finanstilsynet kan fatte vedtak som får bindende virkning i store deler av norsk finanssektor. Formelt avgis suvereniteten til dette organet. Det prinsipielt vanskelige med saken er likevel at EØS-finanstilsynet kan bli et rent sandpåstrøingsorgan for finanstilsynssystemet i EU. Norge kan ikke avgi myndighet til organer vi ikke selv er medlem av. Vi er ikke medlem av EU, men altså av EØS.

Departementet skriver i proposisjonen at «gjennomføring av EØS-regler som svarer til de fire forordningene som etablerer EUs finanstilsynssystem ikke antas å ha særlige direkte økonomiske eller administrative konsekvenser for norske foretak».

Finansiell stabilitet må skapes internasjonalt.

Kritikerne mener derimot hele saken er en omgåelse av Grunnlovens prinsipper og er dessuten bekymret over hastverk i saksbehandlingen.

Det viktige er likevel å se hva dette handler om. Finanskrisen i 2008 dokumenterte at statene har behov for en tydeligere kontroll over dette området. Et velfungerende finansmarked går dessuten over landegrensene, så finansiell stabilitet må skapes gjennom internasjonalt samarbeid. Det er fornuftig at Norge er en del av dette.

Hvert år blir en rekke EU-bestemmelser innlemmet i norsk rett og norsk dagligliv. Vi er allerede langt på vei en del av et europeisk rettsystem. De fleste sakene hører vi ikke noe om før de er et faktum. Det som ikke er bra, er at Norge ikke har mer enn observatørstatus der viktige avgjørelser tas.

Sånn blir det nok også når EU, ja, banker gjennom beslutninger som vedrører finansmarkedet: EØS-tilsynet vil bruke blåpapir og Norge blir forpliktet. Dette plager særlig EU- og EØS-motstandere, men i denne saken er det også noen som har innvendinger på rent statsrettslig grunnlag. Samtidig er det jo nettopp av respekt for Grunnloven at Stortinget følger reglene om suverenitetsavståelse i denne saken.

Den rød-grønne regjeringen ble i 2011 presset av Ap's landsmøte til å avvise EUs postdirektiv, men ellers har Norge tradisjon for å sitte rolig i båten. Nå er postdirektivet på vei tilbake, og det er andre sider ved EU/EØS-samarbeidet som bør bekymre oss mer enn finansmarkedet og posten.



PITTER

Slottet skrev skrytetale om kronprinsessen som biblioteksjefen på Gol holdt – for kronprinsessen. Helt konge.

Gjestekommentar

Forført av flaks

Mønsteret raknar for den norske modellen og den jærsk «tyå».



Klaus Mohn
Professor, Handels-
høgskolen ved
UIS og NHH

Eg drog med tog gjennom Nederland i førre veke, på veg til Twente for å diskutere universitetssamarbeid. Eit vakkert og veldrive land, som synt seg frå si beste side i den låge vårsola. Då slo det meg brått at dette landet gitt opphav til ei liding som økonomar og styresmakter har skremt oss med gjennom ei årrekkje: Hollandsk sjuke. Berre namnet sender tankane tilbake til barndommen og busemannen. Det gjeld å oppføre seg, elles veit ein aldri kor ein endar.

Skrekkhistoria skriv seg frå Holland på 1960-talet, der politikarane let nye inntekter frå enorme gassfunn fløyme over statsbudsjetten og inn i økonomien. Med det markante oppsvinget fekk ein aukande press mot løner, kostnader og prisar. Resultatet var ei svekking av konkurransevne og ei nedbygging av tradisjonell industri som blei vanskeleg å reversere då gassinntektene stagnerte tidleg på 1970-talet.

Best i verda

I Noreg likar me å tru at ressursforvaltning er vår spesialgrein, at den norske modellen har gjort oss immune mot hollandsk sjuke, og at ressursrike land

Føresetnadene bør være gode, og fallhøgda er avgrensa.

verda burde gjere nett som oss. Sjølvskryt skal ein lytte til, for det kjem ofte frå hjartet.

Framveksten av olje- og gassverksemda har utvilsamt ført med seg mykje positivt. Den økonomiske veksten har vore høg, arbeidsløysa og velferdsordningane rause målt mot andre land i Europa, og finansformuen har gitt oss stort rom i bruken av statsbudsjetten for å møte økonomiske tilbakeslag, som til dømes under finanskrisa i 2008–2009.

Samstundes veit me både frå teorien og frå erfaringar i andre land at oljebasert overflod sjeldan kjem utan utfordringar. Ved nærmare ettersyn er det norske glansbiletet heller ikkje heilt utan sprekk. Til dømes treng ein ikkje være økonom for å sjå parallelar til Holland på 1960-talet.

Impotent politikk

For politikken er ei viktigaste utfordring å reise eit flomvern for fastlandsøkonomien mot impulsar frå

olje- og gassnæringa. I Noreg blei Oljefonda sett opp nettopp for å skilje oppteninga av olje- og gassinntektene frå bruken av dei same inntektene. Målet er rett og slett å stagge verknaden av olje- og gassverksemda på offentlege utgifter.

Men Oljefondet steig over alle støvleskaft, og handlingsregelen for finanspolitikken sørgja for at bruken av oljepengar over Statsbudsjettet auka i nett same takt. Slik har den norske modellen lagt til rette for at offentlege utgifter har forsterka dei oljerelaterte impulsane til norsk økonomi. Resultatet er ein offentlig sektor som ikkje berre er større enn i nabolanda våre, men og mykje dyrare å drive. Slik kan ein ikkje halde fram.

I tillegg kjem at den direkte verknaden av aktivitet og sysselsetting i olje- og gassverksemda har gått under radaren i tilpassinga av politikken. Fram til nyleg førte auka i oljeprisen med seg ein rekordarta vekst i oljeselskapa sine utgifter til investeringar og drift på norsk sokkel. I treårsperioden fram til 2013 steig investeringane på norsk sokkel med 50 prosent, og oljerelaterte føretak auka sysselsetting og løn med 5-7 prosent i året gjennom same perioden.

Lønsoppgjera i Noreg medførte at lønsauka i oljenæringa fekk bre seg til andre næringar og langt inn i offentlig sektor. I 2013 var timeløna i norsk industri nærmare 60 prosent høgare enn hos dei me handlar med i EU. Det oljefyrte oppsvinget medførte dermed ei svekking av konkurransevna for heile fastlandsøkonomien.

Meir sårbar

Den høge sigarføringa for nokre år sidan gjorde norsk økonomi meir sårbar for tilbakeslag i oljeprisen. Veksten i olje- og gassverksemda sendte bølger langt inn i fastlandsøkonomien, og politikarane har i realiteten mangla både evne og vilje til å demme opp.

Dermed blei det kapitalmarknaden som måtte tøyje oljeselskapa, med påtrykk om innstramming, kostnadskontroll og nedbemanning. Etter fleire år med umetteleg vekst, var tida komen for oppvask. I ettertid har halvinga av oljeprisen lagt stein til børa. Krava frå kapitalmarknaden gjer no at selskapa i og rundt oljenæringa i større grad må sette tæring etter næring.

Symptoma på hollandsk sjuke er sjeldan påtrengande i medgangstider. Utfordringar knytt til overforbruk og konkurransevne kjem gjerne til overflata først når oljeverksemda gjer overgangen frå broiler til bremsekloss. Mykje tyder på at dette er den nye normalsituasjonen.

Lågare i lengre tid

Lenge var det mange som kryssa fingrane for at fallet i oljeprisen skulle bli kortvarig, og at tilbakeslaget var forbigående. No er det fleire som fryktar at omslaget er permanent. Tida som kjem vil i så fall bli svært annleis enn tida me har bak oss. Utsiktene er svekka, og omstillinga stig fram – i nyheitene, i det offentlege ordskiftet og i utforminga av den økonomiske politikken.

Etter festen kjem testen – på om den norske modellen for oljeforvaltning er god nok, på om vernebuinga er på plass for å handtere omstillinga, på om norsk økonomi vil tåle ei utflating i verksemda me har levd så høgt på i så mange år.

Føresetnadene bør være gode, og fallhøgda er avgrensa – både for norsk økonomi og for den enkelte av oss. Ikkje minst om det er rett slik enkelte meiner, at mykje av det me har fått til skyldast den heilt spesielle «tyå» her vest. For om flaksen er ein følgjesven ein ikkje skal forakte, så er han ikkje til å lite på i lange løp.

Følg på Twitter: @Mohnitor



For to år sidan, fire veker etter at oljeprisfallet så smått starta, feira ONS 40-årsjubileum med stor stemning og feiring, med mellom andre Mia Gundersen hjarteleg til stades. No ser vi baksida av medaljen, flaksen verkar å vera brukt opp. Men kanskje er det håp likevel? FOTO: ANDERS MINGE

Replikk

Rektor med val

Studentane Magne Bartlett og Anine Klepp i studentorganisasjonen StOr vil avvikle ordninga med vald rektor (Aftenbladet 31.05). Fleire i den administrative leiinga ved UiS deler deira haldning. Ved UiS kjem det no framlegg som vil endre dei interne medverknadskanalane dramatisk. For det første gjeld det høvet til å velje rektor. For det andre gjeld det å leggje ned dei interne demokratiske medverknadsorgana.

Intern medverknad er ikkje ein luksus for bortskjemde akademikarar. Intern medverknad er ein måte å sikre at dei som styrer, får korrektiv frå dei som veit kvar skoen trykjer.

Nytte?

Men, kan somme spørje, er det ikkje ein risiko for at sjølvstyrte universitet ser bort frå nytteomsyn og effektivitet?

For det første er det grunn til å minne om at kor vidt det er tilsett eller vald rektor, ikkje spelar inn for effektivitet og kvalitet, slik forskingsstiftinga NIFU slår fast.

Til dømes vedtok styret til Universitetet i Bergen nettopp å halde fram med vald rektor. Det vedtaket var jamvel universitetsdirektøren der samd i, til liks med mellom anna dei to studentrepresentantane.

For det andre er det ikkje nokon kontinuerleg heime-åleine-fest å arbeide på universitetet, det er tvert om. Vitskapleg tilsette arbeider i snitt opp mot 50 timar i veka, og tre av fire opplever at for stor del av fritida går med til å jobbe med fag.

Dessutan er universiteta underlagde strenge målingsregime for studentgjennomstrøyming og forskingsmengd. Sakkar nokon akterut, får dei smake den økonomiske pisken.

Ikkje direktør-dressur

Prinsipielt forhindrar ein viss grad av sjølvstyre at det går ei rak linje frå ministeren og ned til kunnskapsutviklinga ved universitetet. Fri forskning og kunnskapsforvaltning føreset at koplinga til politisk og økonomisk makt ikkje er for tett.

Mindre medverknad til dei tilsette handlar om å ta siste stikk for dei som universitetshistorikarane kallar dei nye administrative elitane. Men UiS treng ikkje meir direktør-dressur.



Svein Erik Tuastad

Styremedlem, UiS, representant for vitskapleg tilsette

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 19-21

Lys kan erstatte mobilstråler
Kim Allingham, skribent
Hemmeligholdet fortsetter
Tuva Krogh Widkjold, Changemaker